

Irsk reise

Ei einmannsferd gjennom irske kloster,
naturlandskap og menneskeliv.

Gunhild Marie Roald

PRESTESTOVA, SØNDAG 17. JUNI KL. 19.30



Gunhild Marie
Roald

«Irsk reise» er ei einmannsframsyning kor Gunhild Marie Roald i ein unik kombinasjon av musikk og forteljarkunst tar publikum med på si eiga ferd gjennom irske klosterrom og naturstemningar: Historiene er tufta på erindringar frå eit sterkt møte med den grønne øya i 1998, og Gunhild Marie Roald har formulert dei i eit fortetta uttrykk, som er nært slekta med teatermonologen. Dette brytast jamnleg opp av dikt-

og bøne-sitat, og med song- og fiolininnslag som er henta frå katolske ritual og frå norsk og irsk folkemusikk. Den dynamiske vekslinga mellom ulike kunstneriske uttrykksformer skapar rørsele i det enkle scenerommet, og stadige skiftningar i tid og stad blottar den timelange irlandsreisa for augneblinkar då ein ynskjer at ein hadde halde seg heime...

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Innlysande som eit måseskrik

Møte med forfattaren Arne Ruset
PRESTESTOVA SØNDAG 24. JUNI KL 19.30



Arne Ruset

Arne Ruset har gitt ut ei novellesamlingar, barnebøker og fleire diktsamlingar. For barnebokene har han motteke Norsk Litteraturkritikerlags barnebokpris i 1988 og no sist Kulturdepartementets barnebokpris. Arne Ruset er født og oppvaksen i Fjørå, men har sidan 1980 budd i Molde der han også arbeider som lege. Barneboka Aldri åleine er ei sjarmerande forteljning om gutungen som veks opp i den vesle bygda høgt over fjorden. Han er einaste barnet i bygda, men likevel aldri åleine, omgitt som han er av snakkande hus, måne, hare, hakkespett m.fl. Gjennom lyrikken får Ruset sagt mykje med få ord: «med få ord skal vi beskrive det heile. Det heile skal vere innlysande som eit måseskrik». I mange av dikta sine let han oss høyre ei stemme som har stor sans for det jordnære og som er glad i

Sukkerstjerner og kråkesong

Kunsthåndverk i tre – Asgeir Kvernberg
LØSETSTOVA, SØNDAG 29. JULI TIL 12. AUGUST



Asgeir
Kvernberg

Asgeir Kvernberg, Sjøholt, lagar skap for vegg og golv. Utgangspunktet er det klassiske veggskapet med dør og med hyller inni, men i moderne design - elegant form, lange og smale, med enkel, raffinert dekor, som gir eit spanande uttrykk. Enkel utskjering i form av linjer og spettar, ståande eller diagonale, gjerne i kontrastfarge til hovudfargen eller lister som dekor. Fargane er for det meste svart, raudt, gult, blått og gull. Veggskapa er smykke for kjøkken eller stue til krydder eller andre godsaker. Golvskapa er elegante søyler for musikk. Dekoren går igjen på speglar som kler skapa. Skap og speglar er handverksarbeid med små, individuelle forskjellar.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Liv

Teikning, måleri og grafikk
Liv Dysthe Sønderland
PRESTESTOVA, 29. JULI TIL 12. AUGUST



Liv Dysthe
Sønderland

Liv Dysthe Sønderland arbeider i forskjellige teknikkar: teikning, måleri, grafikk og video. Ho har ein direkte måte å arbeide på og legg vekt på den energien og det uttrykket som ligg i sjølve utføringa og i formleiken som utspelar seg medan eit bilde vert til. Ho arbeider både figurativt og abstrakt: For henne er det ikkje noko klart skilje mellom dei to omgrepa, hevdar ho. Det eine kjenner vi berre igjen noko meir umiddelbart enn det andre. På utstillinga i Kyrkjehola Kulturbeite vil ho mellom anna stille ut monotypiar - ein vanleg måte å arbeide med grafikk på: Bildet vert laga direkte på plata og så trykt. I motsetnad til anna type grafikk vert det då berre eitt trykk av kvar plate.

Fabulering rundt fakta

I ættesoga frå Sordal og i hardingfelespel
Liv Randi Bjørlykke og Vidar Underseth
PRESTESTOVA, SØNDAG 12. AUGUST KL. 19.30

Liv Randi Bjørlykke er kjend som lokal kåsør og humorist med 50 radiokåseri NRK. Ho har vore lærar og journalist, men siste året har ho arbeidd med å lage ei ættebok for Stordal. Her skal alle personar på dei ulike gardane få sin plass. Ekteskap og dødsfall opp gjennom tidene skal med.

Bjørlykke fortel at ho har lese alle kyrkjebøkene tilbake til 1720, og funne mykje spennande opplysningar om stordalingane. Litt av dette vil ho dele med oss den 12. august. Liv Randi Bjørlykke er født i Sykkylven. Dei siste 13 åra har ho budd på Stranda der ho har vore lærar på Vestborg videregående skule.


Vidar Underseth er født og oppvaksen i Solund i ytre Sogn. Han begynte å spele hardingfele for seg sjølv i 15-16 års alderen. Seinare kom han i lære hos Sigmund Eikås frå

Jølster og har lært mest hos han. Han har jobba mest med spele- og dansetradisjon frå heimtraktene. Underseth har delteke på kappleikar både med spel og dans. Han har vunne landskappleiken i dans tre gonger i lag med Hilde Bjørkum.

Vidar har drive mykje med opplæring og med inn-samling av folkemusikk. Han har budd i Ålesund sidan 1989. Han er no tilsett i Ålesund musikk- og kulturskule og er fylkesmusikar i Sogn og Fjordane. Han har medvirka på fleire rikskon-sertturnear og også hatt fleire utanlandsoppdrag. Det er blitt fleire CD-innspelningar.



Liv Randi
Bjørlykke



Vidar
Underseth

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

ULL

Demonstrasjon av korleis klær og bruksting vart laga.
Utstilling av produkt. – Kirsten Ludvigsen m.fl.
LØSETSTOVA, SØNDAG 19. AUGUST KL. 15 - 18



Kirsten
Ludvigsen

Ull var den råvara som oftast vart nytta til klær i bondesamfunnet. Gjennom ulike prosessar som karing, spinning, strikking, veving og toving, vart det laga alt frå undertøy til tøfler og hattar. I ulike typer teppe, dukar og møbelstoff er og har ull vore eit viktig materiale. Både for nytte og pynt har åkle vovne av ull kledd veggjar i stovene.

I Løsetstova vil vi denne dagen få sjå korleis folk i eldre tider arbeidde med ulla for å fram nokre av produkta. Det vil og bli høve til å sjå døme på sluttprodukt frå dei prosessane som blir viste på ei utstilling i lokala.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Eventyrstund

Norske folkeeventyr
Teatret Vårt ved Vivi Sunde

LØSETSTOVA,
TORSDAG 23. AUGUST KL 18.00



Vivi Sunde